



AS Haugland Vvs
Lyngvegen 2
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1742 - 17/15486

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
07.08.2017

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad og tilkopling til kommunalt vassverk gbnr 52/64 Kårbø

Administrativt vedtak. Saknr: 215/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 23.06.2017, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/64, Kårbøneset.

Anlegget det er søkt om er eit Jetz anlegg med slamfilter/infiltrasjonstank for gråvatn og komposteringstank for svartvatn. Det skal etablerast 2 separate infiltrasjonsgrøfter. Anlegget krev ikkje tømning med slamsugebil.

Vidare er det søkt om tilkopling til kommunalt vassverk via felles privat vassleidning som er lagt fram til Kårbøneset hyttegrend.

Nabovarsel:

Utsleppet vart nabovarsla i tida 11.05.2017 - 23.05.2017, i samsvar med pbl §23-1. Det ligg ikkje føre merknader. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er avsett til hytteområdr. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, jorurnalført motteke 23.06.2017.

Vurdering:

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og der det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar og opne vassdrag.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Urinseparerande toalett vert ikkje tillete.

Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for eventuell forureing, jf § 7 i Forureiningslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl §23-3.

Utsleppet det her er søkt om er etter administrasjonen si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppeløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via felles privat vassleidning. Leidningen vart godkjent etablert 07.11.2016 i sak DNT.368/2016. Det skal nyttast Elvestadrør frå denne leidningen og inn til fritidsbustaden. Kommunen ber om at leidningen vert gravt ned/dekka til der dette er mogeleg, slik at den vert minst mogeleg synleg i terrenget og minst mogeleg utsett for skader.

Det ligg føre naudsynt dokumentasjon som gjev eigedomen gbnr 52/64 rett til å kopla seg til den private felles vassleidningen.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/64 på Kårbøneset, i samsvar med søknad journalført motteke 23.06.2017 og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet må ha filterløysing/infiltrasjonstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Svartvatn må ha komposteringsstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast to separate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningslova.

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av utslepp for eigedomen gbnr 52/64, i samsvar med søknad journalført motteke 23.06.2017.

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 23.06.2017, jf plan- og bygningslova § 29-4.»

-----0000-----

Meland kommune godkjenner vidare at fritidsbustad på gbnr 52/64 vert tilknytta kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført motteke 23.06.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.
- Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknyttinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.

- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringer, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

Faktura på tilknytingsgebyr og gebyr for sakshandsaming vert ettersendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kart

Teikning

Kopi til:

Haakon Johnsen

Myrdalskogen 483 5117

ULSET

Mottakere:

AS Haugland Vvs

Lyngvegen 2 5914

ISDALSTØ